

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-145  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
044/21	Alver formannskap	22.04.2021
062/21	Alver kommunestyre	06.05.2021

### Lokale til E-sport

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune avsluttar arbeidet med å finne lokale til Alver E-sport då intensjonen med verbalpunktet er rekna som oppfylt.

#### Alver formannskap 22.04.2021:

##### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### FO- 044/21 Vedtak:

Alver kommune avsluttar arbeidet med å finne lokale til Alver E-sport då intensjonen med verbalpunktet er rekna som oppfylt.

#### Alver kommunestyre 06.05.2021:

##### Handsaming:

Innsillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

##### KO- 062/21 Vedtak:

Alver kommune avsluttar arbeidet med å finne lokale til Alver E-sport då intensjonen med verbalpunktet er rekna som oppfylt.

### Politisk handsaming

Saka skal til orientering i formannskap og kommunestyret

### Bakgrunn

Det vart i vedtak av økonomiplan for 21-24 lagt inn verbalpunkt nr 12 med følgande ordlyd:

#### 12. E-sport i Alver

*Alver kommunestyre ber rådmannen gå i dialog med Alver E-sport for å finna lokale for E-sport og leggja rette for naudsynt ombygging. Sak om delfinansiering frå Alver kommune skal opp i formannskapet i løpet av første kvartal. Kommunestyret oppmodar Alver E-sport om å arbeida med å finna sponsorar og sjølv delta i finansiering eller opparbeiding av lokale.*

Tenesteområde Eigedomsforvaltning i samarbeid med tenesteområde Kultur fekk i oppgåve å gå i dialog med Alver E-sport vedr deira behov for lokale for å drive sin aktivitet. Det vart lagt opp til at ein kunne nytte ledige kommunale areal.

**Vurdering:**

Det vart etablert kontakt med Alver E-sport på nyåret 2021 og halde møte 18. februar 2021. Representantar frå eigedomsforvaltning og kultur deltok frå kommunen si side.

Kommunen la fram mulige lokaliteter i Alversund der ein kunne legge til rette for aktiviteten til E-sporten. Alver E-sport hadde allereie etablert dialog og funne eigna lokale på Frekhaug, Mjåtveitflaten på eige initiativ. Lokala er av organisasjonen oppfatta som svært eigna og tilrettelagte for deira aktivitet. Det var på bakgrunn av dette ikkje ønskeleg å flytte aktiviteten til Alversund.

Foreninga dekker utgifter til husleige frå medlemskontingentane sine.

Alver E-sport er ein nyoppretta frivillig organisasjon. Det er ikkje registrert som eit idrettslag og fell slik ikkje innunder den kommunale ordninga der ein kan søkje driftstilskot til idrettslag eller friluftorganisasjonar. Dei kan derimot søkje på ordninga for støtte til drift og aktivitet i lag/organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre tilskotsordningane. Alver kommune vil slik kunne vurdere å gje tilskot til drift av foreninga på lik linje som for andre lag og organisasjonar i Alver dersom det kjem inn ein søknad frå Alver E-sport.